



VOLDA KOMMUNE
Ordførar
6100 VOLDA

Det Kongelige Kommunal- og Regionaldep
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

VOLDA, 04.10.2006

Vår ref
ORDF-06/01146

Løpenr.
007327/06

Arkivkode
C83

Dykkar ref.

MELDING OM POLITISK VEDTAK - NOU 2006:7 –
LOKALDEMOKRATIKOMMISSJONEN SI . ANDRE UTGREIING - HØYRING

Vi melder med dette frå at KOMMUNESTYRET den 28.09.2006 hadde føre ovannemnde som sak 0081/06, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Spørsmål om tiltak for å få auka valdeltakinga.

Volda kommunestyre meiner at det vil variere frå kommune til kommune og frå val til val, i kor stor grad partia vil kunne tydeleggjere om der på førehand er ulike styringsalternativ eller om kvart enkelt parti stiller med eigen ordførarkandidat. Der det er klare alternativer så bør dei kome tydeleg fram. Partia har eit stort ansvar i å sette politiske saker på dagsorden i valkamp og i perioda mellom vala.

Volda kommune ber Kommunal- og regionaldepartementet også ved framtidige val oppfordre kommunane til å legge til rette for førehandsrøysting ved vidaregåande skular og høgskular for å auke valdeltakinga blant ungdom. Alle vallokale må vere tilgjengelege for funksjonshemma.

2. Spørsmål om vala si innbyrdes plassering.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som vil vidareføre dagens ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval. Stortingsvalet må haldast åtskilt.

3. Spørsmål om stemmerettsalder.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og vil halde på gjeldande stemmerettsalder.

4. Spørsmål om rekruttering til politiske parti.

Volda Kommunestyre støttar eit mindretallet (Kvaløy og Sørheim) i at ein bør prøve ut ei ordning der ein opnar for skattefrådrag for medlemskontingent for politiske parti.

Volda Kommunestyre peikar på at ein gjennom auka tilgjenge til, og ved bruk av IKT kan ein få ein meir open og direkte debatt mellom partia og den einskilde innbyggjar.

5. Spørsmål om folkeavrøystingar si rolle i lokaldemokratiet.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som held på rådgevande folkeavrøystingar og at ein ikkje nyttar bindande folkeavrøystingar i lokaldemokratiet.

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org. nr.	939 760 946
Stormyra 2	70 05 88 88	70 05 87 01	Postgiro skatt	0827.5915190
6100 VOLDA	(dir.innval til saksh.)	70 05 87 51	Bankgiro	3991.07.81727
		70 05 88 71		
Gateadresse:		70 05 88 56		
Stormyra 2		70 05 87 91		
		Sentraladministrasjonen		
		Teknisk sektor		
		Skule- og barnehagesektor		
		Kultursektor		
		Landbrukskontoret		

VOLDA KOMMUNE

Ordfører

6101 VOLDA

6. Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.

Volda kommunestyre støttar eit mindretal (Røssland og Steen) og meiner at det framleis må vere lovfesta å etablere slike råd.

7. Spørsmål om direkteval på ordfører.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og er open for at kommunane sjølve kan velje om dei vil ha direkteval på ordfører.

8. Spørsmål om kommunal selskapsdanning.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og ser det som viktig at kommunane har fridom i spørsmålet om kommunal organisering.

9. Spørsmål om korleis ein utviklar samarbeidsrelasjonar med frivillige organisasjonar.


Volda kommunestyre meiner ein gjennom å vere serviceretta (ved utfylling av søknadar, og utviklingspartner i organisasjonsleiing) støttar frivillige lag og organisasjonar.

Volda Kommunestyre støttar opp om at kommunane i større grad enn i dag skal stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar.

Saksutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Med helsing

Volda kommune, Servicekontoret



Anne-Karin Egseth

sekretær

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 06/01146

NOU 2006:7 - LOKALDEMOKRATIKOMMISSJONEN SI ANDRE UTGREIING HØYRING

Sakshandsamar:	Ragnhild Aarflot Kalland	Arkiv: C83
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0074/06	FORMANNSKAPET	18.09.2006
0081/06	KOMMUNESTYRET	28.09.2006

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Ragnhild Aarflot Kalland	Arkiv: C83
Arkivsaksnr.:	06/01146	

NOU 2006:7 - LOKALDEMOKRATIKOMMISSJONEN SI ANDRE UTGREIING HØYRING

ORDFØRAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag:

Det er i NOU 2006:7 Det lokale folkestyre i endring? Om deltaking og engasjement ilokalpolitikken stilt ulike spørsmål kring temaet. Det er ei målsetting å finne svar på utfordringane. Svar som vonleg vil føre til auka deltaking og engasjement kring det lokale folkestyret.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vert med dette invitert til å kome med fråsegn til NOU 2006:7 Det lokale folkestyre i endring? Om deltaking og engasjement ilokalpolitikken. Kommunestyre skal også handsame evalueringa av den politiske organiseringa i same møte. Eg finn det også av den grunn nyttig å be kommunestyret om å handsame NOU 2006 :7 . Desse to sakene vil ha mange av dei same utfordringane i seg.

Regjeringa oppnemnde ein kommisjon for lokaldemokratiet og det er denne kommisjonen si andre utgreiing vi no har til høyring.

Kommisjonen er av den meining at staten og kommunane har eit felles ansvar for å medverke til eit levande og deltakingsorientert lokaldemokrati. Det vert stilt spørsmål om situasjonen for det representative lokaldemokratiet. Det vert vidare stilt spørsmål om kva rolle alternative deltakingskanalar kan og bør spele i lokaldemokratiet, og ein får spørsmål knytt til kommunane som politiske institusjonar.

Kommisjonen har i si fyrste utgreiing peika på grunnlovsfesting av det kommunale sjølvstyre og større fridom til kommunane i skattepolitikken som viktige tiltak for å betre valdeltakinga. Staten kan gjennom ei utstrakt desentralisering av makt og ansvar og ei tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa synleggjere at kommunane og lokalvalet er sentrale i det norske politiske systemet.

I høyringsbrevet frå Kommunal og Regional departementet vert kommunane utfordra til å uttale seg om desse tema:

- Valdeltakinga ved lokalval. Kommisjonen omtalar den fallande valdeltakinga ved lokalval og vurderer kva denne utviklinga betyr for lokaldemokratiet.
- Ulike tiltak for å få opp valdeltakinga ved lokalval.
- Situasjonen for dei politiske partia i lokalpolitikken.
- Rekruttering og representativitet i lokalpolitikken.
- Ulike deltakingsformer utanom det representative lokaldemokratiet.
- Kommunal organisering og lokaldemokrati.
- Frivillige organisasjonar og lokaldemokratiet.

Eg har i denne saka valt å setje fokus på nokre av utfordringane som vert tatt opp i NOU'en. Kommisjonen er ikkje samstemt i sine tilrådingar, ein har fått ei fleirtalstilråding og ei eller fleire mindretalstilrådingar. Eg har her ikkje teke med tilrådingane frå kommisjone, men ber kommunestyret om å drøfte spørsmål som eg ser som særleg aktuelle:

- *Spørsmål om tiltak for å få auka valdeltakinga.*

I kva grad kan dei lokale partia tydeleggjere dei lokale politiske alternativa i forkant av eit lokalval?

- *Spørsmål om vala si innbyrdes plassering.*

Skal dagens ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval verte vidareført? Eller ynskjer ein at stortingsval, fylkestingsval og kommuneval skal samlast i ein felles valdag?

- *Spørsmål om stemmerettsalder.*

Bør stemmerettsalderen vere som i dag, eller skal den setjast ned frå 18 år til 16 år?

- *Spørsmål om rekruttering til politiske parti.*

Skal ein opne for tiltak som t.d innføring av skattefrådrag for medlemskontigent i politiske parti, slik det t.d er for fagforeningskontigent? Andre tiltak?

- *Spørsmål om folkeavrøystingar si rolle i lokaldemokratiet.*

Bør det opnast for bindande folkeavrøystingar i kommunane? Er det trong om lovregulering av den eksisterande praksisen med rådgjevande lokale folkeavrøystingar? Skal ein kunne opne for at innbyggjarane gjennom ein initiativrett skal kunne setje saker på dagsorden eller om dei skal kunne etterprøve dei folkevalde si utforming av politikken? Skal eit mindretal i kommunestyret kunne krevje folkeavrøysting?

- *Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.*

Skal det vere opptil den einskilde kommune å avgjere om ein ynskjer å etablere desse råda?

- *Spørsmål om direkteval av ordførar.*

Skal kommunane sjølv avgjere om dei vil ha direkteval? Kven skal avgjere kor stort mynde ordføraren skal ha? Skal dette fungere ulikt frå kommune til kommune?

- *Spørsmål om kommunal selskapsdanning.*

Dette spørsmålet reiser interessante problemstillingar både i høve demokratisk kontroll og innsyn, og i forhold til kva mynde som på denne måten vert flytta ut av dei folkevalde organ.

Skal det vere slik at kommunane skal ha full fridom i spørsmål om kommunal organisering og selskapsdanning? Eller svekker det den politiske styringa og kontroll på ein slik måte at det vil føre til auka fragmentering, utydeliggjering av ansvar og unødvendig byråkratisering på ein slik måte at ein bør vere svært restriktiv i høve kommunal selskapsdanning?

- *Spørsmål om korleis ein utviklar samarbeidsrelasjonar med frivillege organisasjonar?*

Kva rolle skal dei frivillege organisasjonar ha i høve vidareutvikling av lokaldemokratiet?

Bør kommunane i ei større grad enn no stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar?

Helse- og miljømessige konsekvensar av saka:

Eit velfungerande og inkluderande lokaldemokrati er etter mitt syn ein at føresetnadane for ivaretaking av helse- og miljøomsyn i lokalsamfunna.

Økonomiske konsekvensar av saka:

Kommisjonen meiner at å ha mange folkevalde representantar er ein styrke for lokaldemokratiet. Økonomiske innsparingar kan ikkje vere argument for å redusere antal folkevalde. Dei demokratiske kostnadane, iform av at kretsen av medborgarar med lokalpolitisk erfaring vert mindre, ved at det vert vanskelegare å oppnå god representativitet, ved at dei mindre partia får problem med å bli representerte og at breidda i syn og haldningar vert redusert, er større enn dei økonomiske innsparingar ein måtte oppnå. Etter mitt syn er dette grunnleggande viktige moment i ei total vurdering.

Konklusjon:

Nou 2006:7 Det lokale folkestyre i endring? Om deltaking og engasjement i lokalpolitikken er eit dokument som inspirerer til ein svært viktig debatt. Kommunestyret kan nytte dokumentet og debatten om det i hløve evalueringa av vår lokale politiske organisering.

Formannskapet får saka til handsaming utan tilråding. Formannskapet får velje kva av spørsmåla dei ynskjer svare på, og utformar tilråding til kommunestyret.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev
2. NOU 2006:7 Det lokale folkestyre i endring? Om deltaking og engasjement ilokalpolitikken.

Ragnhild Aarflot Kalland
ordfører

Utskrift til:

Saksprotokoll

Utval: FORMANNSKAPET
 Møtedato: 18.09.2006
 Sak: 0074/06

Arkivsak: 06/01146
 Tittel: NOU 2006:7 - LOKALDEMOKRATIKOMMISJONEN SI ANDRE
 UTGREIING HØYRING

Tilråding til kommunestyret:

1. Spørsmål om tiltak for å få auka valdeltakinga.

Volda kommunestyre meiner at det vil variere frå kommune til kommune og frå val til val, i kor stor grad partia vil kunne tydeleggjere om der på førehand er ulike styringsalternativ eller om kvart enkelt parti stiller med eigen ordførarkandidat. Der det er klare alternativer så bør dei kome tydeleg fram. Partia har eit stort ansvar i å sette politiske saker på dagsorden i valkamp og i perioda mellom vala.

Volda kommune ber Kommunal- og regionaldepartementet også ved framtidige val oppfordre kommunane til å legge til rette for førehandsrøysting ved vidaregåande skular og høgskular for å auke valdeltakinga blant ungdom. Alle vallokale må vere tilgjengelege for funksjonshemma.

2. Spørsmål om vala si innbyrdes plassering.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som vil vidareføre dagens ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval. Stortingsvalet må haldast åtskilt.

3. Spørsmål om stemmerettsalder.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og vil halde på gjeldande stemmerettsalder.

4. Spørsmål om rekruttering til politiske parti.

Volda Kommunestyre støttar eit mindretallet (Kvaløy og Sørheim) i at ein bør prøve ut ei ordning der ein opnar for skattefrådrag for medlemskontigent for politiske parti.

Volda Kommunestyre peikar på at ein gjennom auka tilgjenge til, og ved bruk av IKT kan ein få ein meir open og direkte debatt mellom partia og den einskilde innbyggjar.

5. Spørsmål om folkeavrøystingar si rolle i lokaldemokratiet.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som held på rådgevande folkeavrøystingar og at ein ikkje nyttar bindande folkeavrøystingar i lokaldemokratiet.

6. Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og meiner at det må vere opp til den enkelte kommune om dei ynskjer å etablere slike råd.

7. Spørsmål om direkteval på ordførar.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og er open for at kommunane sjølve kan velje om dei vil ha direkteval på ordførar og at ordføraren vert tildelt meir mynde enn det den har i dag.

8. Spørsmål om kommunal selskapsdanning.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og ser det som viktig at kommunane har fridom i spørsmålet om kommunal organisering.

9. Spørsmål om korleis ein utviklar samarbeidsrelasjonar med frivillige organisasjonar.

Volda kommunestyre meiner ein gjennom å vere serviceretta (ved utfylling av søknadar, og utviklingspartnar i organisasjonsleiing) støttar frivillige lag og organisasjonar.
Volda Kommunestyre støttar opp om at kommunane i større grad enn i dag skal stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar.

Behandling:

Ordføraren kom med fylgjande framlegg:

1. Spørsmål om tiltak for å få auka valdeltakinga.

Volda kommunestyre meiner at det vil variere frå kommune til kommune og frå val til val, i kor stor grad partia vil kunne tydeleggjere om der på førehand er ulike styringsalternativ eller om kvart enkelt parti stiller med eigen ordførarkandidat. Der det er klare alternativer så bør dei kome tydeleg fram. Partia har eit stort ansvar i å sette politiske saker på dagsorden i valkamp og i perioda mellom vala.

2. Spørsmål om vala si innbyrdes plassering.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som vil vidareføre dagens ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval. Stortingsvalet må haldast åtskilt.

3. Spørsmål om stemmerettsalder.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og vil halde på gjeldande stemmerettsalder.

4. Spørsmål om rekruttering til politiske parti.

Volda Kommunestyre støttar eit mindretalet (Kvaløy og Sørheim) i at ein bør prøve ut ei ordning der ein opnar for skattefrådrag for medlemskontigent for politiske parti.
 Volda Kommunestyre peikar på at ein gjennom auka tilgjenge til, og ved bruk av IKT kan ein få ein meir open og direkte debatt mellom partia og den einskilde innbyggjar.

5. Spørsmål om folkeavrøystingar si rolle i lokaldemokratiet.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som held på rådgevande folkeavrøystingar og at ein ikkje nyttar bindande folkeavrøystingar i lokaldemokratiet.

6. Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og meiner at det må vere opp til den enkelte kommune om dei ynskjer å etablere slike råd.

7. Spørsmål om direkteval på ordførar.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og er open for at kommunane sjølve kan velje om dei vil ha direkteval på ordførar og at ordføraren vert tildelt meir mynde enn det den har i dag.

8. Spørsmål om kommunal selskapsdanning.

Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og ser det som viktig at kommunane har fridom i spørsmålet om kommunal organisering.

9. Spørsmål om korleis ein utviklar samarbeidsrelasjonar med frivillige organisasjonar.

Volda kommunestyre meiner ein gjennom å vere serviceretta (ved utfylling av søknadar, og utviklingspartnar i organisasjonsleiing) støttar frivillige lag og organisasjonar.
 Volda Kommunestyre støttar opp om at kommunane i større grad enn i dag skal stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar.

Ingrid Opedal og Gunnhild Humberstet kom med fylgjande framlegg som tillegg til pkt. 1 i ordføraren sitt framlegg:

Volda kommune ber Kommunal- og regionaldepartementet også ved framtidige val oppfordre kommunane til å legge til rette for førehandsrøysting ved vidaregåande skular og høgskular for å auke valdeltakinga blant ungdom. Alle vallokale må vere tilgjengelege for funksjonshemma.

Roger Nedreklepp kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2 i ordføraren sitt framlegg:

Stortings-, fylkestings- og kommuneval skal haldast felles (felles valår/valdag).

SV v/Ingrid Opedal kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 3 i ordføraren sitt framlegg:

Volda kommunestyre går inn for at røysterettsalderen vert sett til 16 år ved lokalval.

AP v/Gunnhild Humbereset, SV v/Ingrid Opedal og V v/Bjarte Humbereset kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 8 i ordføraren sitt framlegg:

Volda kommunestyre vil ikkje avvise kommunale/interkommunale selskap. Vi vil likevel peike på at den kommunale selskapsdanninga kan vere problematisk sett i høve til dei demokratiske prosessane, og kan medføre liten politisk medverknad og utydeleggjering av ansvar. Kommunane må vere medvitne eigarar, slik at ikkje politiske prosessar vert flytt frå opne politiske fora til lukka styrerom.

Røysting:

Pkt. 1 i ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Ingrid Opedal og Gunnhild Humbereset som tillegg til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom ordføraren sitt framlegg til pkt. 2 og Roger Nedreklepp sitt framlegg til pkt. 2, fekk ordføraren sitt framlegg 5 røyster og vart vedteke. Roger Nedreklepp sitt framlegg fekk 3 røyster og fall.

Ved alternativ røysting mellom ordføraren sitt framlegg til pkt. 3 og Sv v/Ingrid Opedal sitt framlegg til pkt. 3, fekk ordføraren sitt framlegg 6 røyster og vart vedteke. Ingrid Opedal sitt framlegg fekk 2 røyster og fall.

Ved samla røysting over pkt. 4, 5, 6 og 7 i ordføraren sitt framlegg vart punkta samrøystes vedtekne.

Ved alternativ røysting mellom ordføraren sitt framlegg til pkt. 8 og framlegget frå AP v/G. Humbereset, SV v/Opedal og V v/B. Humbereset, fekk ordføraren sitt framlegg 5 røyster og vart vedteke. Framlegget frå AP m.fl. fekk 3 røyster og fall.

Ordføraren sitt framlegg til pkt. 9 vart samrøystes vedteke.

Saksprotokoll

Utval: KOMMUNESTYRET
 Møtedato: 28.09.2006
 Sak: 0081/06

Arkivsak: 06/01146
 Tittel: NOU 2006:7 - LOKALDEMOKRATIKOMMISSJONEN SI ANDRE
 UTGREIING HØYRING

Vedtak:

1. **Spørsmål om tiltak for å få auka valdeltakinga.**
Volda kommunestyre meiner at det vil variere frå kommune til kommune og frå val til val, i kor stor grad partia vil kunne tydeleggjere om der på førehand er ulike styringsalternativ eller om kvart enkelt parti stiller med eigen ordførarkandidat. Der det er klare alternativer så bør dei kome tydeleg fram. Partia har eit stort ansvar i å sette politiske saker på dagsorden i valkamp og i perioda mellom vala. Volda kommune ber Kommunal- og regionaldepartementet også ved framtidige val oppfordre kommunane til å legge til rette for førehandsrøysting ved vidaregåande skular og høgskular for å auke valdeltakinga blant ungdom. Alle vallokale må vere tilgjengelege for funksjonshemma.
2. **Spørsmål om vala si innbyrdes plassering.**
Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som vil vidareføre dagens ordning med felles valdag for kommunestyreval og fylkestingsval. Stortingsvalet må haldast åtskilt.
3. **Spørsmål om stemmerettsalder.**
Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og vil halde på gjeldande stemmerettsalder.
4. **Spørsmål om rekruttering til politiske parti.**
Volda Kommunestyre støttar eit mindretalet (Kvaløy og Sørheim) i at ein bør prøve ut ei ordning der ein opnar for skattefrådrag for medlemskontigent for politiske parti. Volda Kommunestyre peikar på at ein gjennom auka tilgjenge til, og ved bruk av IKT kan ein få ein meir open og direkte debatt mellom partia og den einskilte innbyggjar.
5. **Spørsmål om folkeavrøystingar si rolle i lokaldemokratiet.**
Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga som held på rådgevande folkeavrøystingar og at ein ikkje nyttar bindande folkeavrøystingar i lokaldemokratiet.
6. **Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.**
Volda kommunestyre støttar eit mindretal (Røssland og Steen) og meiner at det framleis må vere lovfesta å etablere slike råd.
7. **Spørsmål om direkteval på ordførar.**
Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og er open for at kommunane sjølve kan velje om dei vil ha direkteval på ordførar.
8. **Spørsmål om kommunal selskapsdanning.**
Volda kommunestyre støttar fleirtalstilrådinga og ser det som viktig at kommunane har fridom i spørsmålet om kommunal organisering.

9. *Spørsmål om korleis ein utviklar samarbeidsrelasjonar med frivillige organisasjonar.*
Volda kommunestyre meiner ein gjennom å vere serviceretta (ved utfylling av søknadar, og utviklingspartnar i organisasjonsleiing) støttar frivillige lag og organisasjonar.
Volda Kommunestyre støttar opp om at kommunane i større grad enn i dag skal stå for fordelinga av statlege midlar til lokale organisasjonar.

Behandling:

Gunnhild Humberset og Ingrid Opedal kom med fylgjande framlegg til alternativ til pkt. 8:

Volda kommunestyre vil ikkje avvise kommunale/interkommunale selskap. Vi vil likevel peike på at den kommunale selskapsdanninga kan vere problematisk sett i høve til dei demokratiske prosessane, og kan medføre liten politisk medverknad og utydeleggjering av ansvar. Kommunane må vere medvitne eigarar, slik at ikkje politiske prosessar vert flytt frå opne politiske fora til lukka styrerom.

FRP v/Roald Espset kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 6 og endring av pkt. 7:

6. Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.
 Volda kommunestyre meiner at eldreråd og råd for funksjonshemma skal vere lovpålagt for kommunar med meir enn 6.000 innbyggjarar.

endring av pkt. 7:

Stryk siste del av setninga, slik at punktet endar med "direkteval på ordførar".

Atle Døssland kom med fylgjande endringsframlegg til pkt. 3 og 7:

2. Spørsmål om stemmerettsalder
 Volda kommune går inn for at røysterettsalderen vert sett til 16 år ved lokalval.
7. Spørsmål om direkteval på ordførar
 Volda kommune støttar mindretalsfråsegna om prinsipiell motstand mot direktevald ordførar. Ordninga med direktevald ordførar vil gjere ansvarstilhøva i lokalpolitikken utydlegare og inneber for stort personfokus. Ho kan vidare føre til større maktkonsentrasjon og at det representative demokratiet vert svekt. Dersom det vert opna for direkteval av ordførar bør det i alle fall vere to valomgangar.

H v/Ann Britt Våge Fannemel kom med fylgjande endringsframlegg til pkt. 6:

6. Spørsmål om krav om lovfesta eldreråd og råd for funksjonshemma.
 Volda kommunestyre støttar eit mindretal (Røssland og Steen) og meiner at det framleis må vere lovfesta å etablere slike råd.

Roger Nedreklepp kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2:

2. Valordninga
 Stortings-, fylkestings- og kommuneval skal haldast felles (felles valår/valdag).

Røysting:

Pkt. 1 i formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom formannskapet si tilråding til pkt. 2 og Roger Nedreklepp sitt framlegg til pkt. 2, vart formannskapet si tilråding vedteke med 18 røyster. Nedreklepp sitt framlegg fekk 9 røyster og fall.

Ved alternativ røysting mellom formannskapet si tilråding til pkt. 3 og Atle Døssland sitt framlegg til pkt. 3, vart formannskapet si tilråding vedteke med 20 røyster. Døssland sitt framlegg fekk 7 røyster og fall.

Pkt. 4 og 5 i formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6 i formannskapet si tilråding fekk 12 røyster og fall. 15 røysta mot.

FRP v/Espset sitt framlegg til pkt. 6 fekk 9 røyster og fall. 18 røysta mot.

H v/Våge Fannemel sitt framlegg til pkt. 6 fekk 21 røyster og vart vedteke. 6 røysta mot.

Atle Døssland sitt framlegg til pkt. 7 fekk 8 røyster og fall. 19 røysta mot.

Pkt. 7 i formannskapet si tilråding fekk 8 røyster og fall. 19 røysta mot.

FRP v/Espset sitt framlegg til pkt. 7 fekk 18 røyster og vart vedteke. 9 røysta mot.

Ved alternativ røysting mellom Gunnhild Humberset og Ingrid Opedal sitt framlegg til pkt. 8 og formannskapet si tilråding til pkt. 8, fekk formannskapet si tilråding 18 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Humberset/Opedal fekk 9 røyster og fall.

Pkt. 9 i formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

